



Theros

Tee

No skal du sette av masker til ermer:

Strikk 57 (58) 61 (65) 68 (84) 87 (90) m, Sett 77 (78) 79 (80) 80 (90) 90 (90) m på ein maskewire til ermer, legg opp 6 (12) 14 (16) 20 (10) 18 (28) m med løkkeopplegg til ermehol, strikk 115 (117) 122 (130) 136 (168) 174 (180) m, Sett 77 (78) 79 (80) 80 (90) 90 (90) m på ein maskewire til ermer, legg opp 6 (12) 14 (16) 20 (10) 18 (28) m med løkkeopplegg til ermehol, strikk 58 (59) 61 (65) 68 (84) 87 (90) m.

Bol:

Bolen har no 242 (258) 272 (292) 312 (356) 384 (416) m.

For å få maskeantallet delelig på 6, fell jamnt fordelt 2 (0) 2 (4) 0 (2) 0 (2) m. på den første av dei 5 glattstrikkomg. under her = 240 (258) 270 (288) 312 (354) 384 (414) m.

Strikk vidare 5 omg. glattstrikk på bolen. Fortsett med fargeskift og diagram men utan aukingane, til bolen er så lang du ønsker, ca 6 - 7 striper. **Husk å strikke 12 omg. glattstrikk no når du ikkje har aukeomgang.** Avslutt med eit siste diagram og fargeskift før du går direkte over i 14 omg ribb 1 vridd rett, 1 vrang. Avslutt med italiensk avfelling.


Ermer:

Plukk opp 7 (12) 11 (16) 16 (12) 18 (24) m i dei m du la opp til ermehol på bolen = 84 (90) 90 (96) 96 (102) 108 (114) m. Strikk vidare 5 omg. glattstrikk. Fortsett med fargeskift og diagram, men utan aukingane, i ei stripe til. **Husk å strikke 12 omg. glattstrikk no når du ikkje har aukeomgang.** Avslutt med eit siste diagram og fargeskift før du går direkte over i 14 omg ribb 1 vridd rett, 1 vrang. Avslutt med italiensk avfelling.



Diagram:

- ☐ = Rett
- ☒ = LLS
- ☒ = 2 rett saman
- ☐ = Kast
- ☒ = Vrang



Eg vil gjerne sjå ditt ferdige produkt på Instagram! Tagg med @hettestrikk og #theros_tee om du vil.
Elisabeth



Størrelse:

1 (2) 3 (4) 5 (6) 7 (8)

Overvidde:

86 (92) 97 (104) 111 (127) 137 (149) cm

Garneksempel:

HS Angel

Garnmengde:

200 (200) 200 (250) 250 (300) 300 (350) g

Pinne:

Pinne 2,5 eller 3

Strikkefastheit:

28/10

Denne T-skjorta vart strikka sommaren -23 i Hellas og er inspirert frå nydelige Parga. Theros betyr sommar på gresk. Den er strikka ovanfrå og ned, og det er enkelt å forlengje ermane om du heller vil ha dei lange. Det er forkorta rader i ribben i nakken. Mønsteret er utforma slik at den skal vere gøy og rask å strikke sjølv med så tynt garn. På denne får du «alt»; striper, struktur, blondestrikk, glattstrikk og mønsterstrikk. Håper du koser deg like mykje med å strikke den som eg gjorde. Den er fin til sommartopp, men også som fintopp om vinteren. Den er perfekt å strikke med rester av tynt handfarga garn. Du treng ikkje ha 5 fargar i stripene. Det kan vere nok med 2, eller kanskje einsfarga? Kos deg!

Forkortingar:

VM = Vendemaske (Søk på german short rows på YouTube)

LLS = Løft, løft, strikk

MM = Maskemarkør

Oppskrift:

1. Stripe:

Legg opp 112 (**112**) 116 (**120**) 124 (**128**) 132 (**136**) m på pinne 3 mm med italiensk opplegg. Sett ein maskemarkør i starten av omg. Den skal markere midt bak på arbeidet.

Strikk 14 omg ribb; 1 vridd rett, 1 vrang.

Strikk forkorta rader i ribben slik:

Retta: Strikk 52 m ribb. Snu.
Vranga: Lag VM. Strikk til 52 m forbi MM (Husk å strikke vridde vrang på vranga!) Snu.
Retta: Lag VM. Strikk til 4 m før forrige VM. Snu.
Vranga: Lag VM. Strikk til 4 m før forrige VM. Snu.
Gjenta til du har 5 VM på kvar side.

Strikk 1 omg. rett der du strikker alle VM rett.

Rundaucking:

OBS! Ved alle aukeomgongane, juster aukeingane på slutten slik at du har akkurat rett maskeantall, så mønsterrapporten på 6 m går opp! Tell over når du nærmar deg slutten av aukeomg., og auk litt oftare/sjeldnare slik at det stemmer med antall m du skal ha. Eg kunne skrive nøyaktig auking på kvar str, men det hadde vorte uoversiktlig, og du må uansett telle over for å passe på at maskeantallet stemmer. Dette gjeld for alle 5 (6) aukeingane. Ved str. 4 og 7 går aukeingane opp i 6 og du treng ikkje justere på slutten. Men greit å telle over likevel. Det er berre 5 (6) omg. der du må telle, så det går bra.

2. Stripe:

Med samme farge som ribben, strikker du 1 omg. med aukeingar slik:

Strikk 2 r, auk 1 m ved å løfte opp tråden mellom 2 m og strikke den vridd r Gjenta * - * ut omg
Juster maskeantall til: 168 (**168**) 174 (**180**) 186 (**192**) 198 (**204**) m).

No skal du strikke diagrammet (Sjå siste side) 1 gong samstundes som du skiftar farge.

Strikk 11 omg. glattstrikk i den nye fargen.

3. Stripe:

Med samme farge, strikker du 1 omg. med aukeingar slik:

Strikk 3 r, auk 1 m ved å løfte opp tråden mellom 2 m og strikke den vridd r Gjenta * - * ut omg.
Juster maskeantall til: 222 (**228**) 234 (**240**) 246 (**252**) 264 (**270**) m).

Strikk diagrammet 1 gong samstundes som du skiftar farge.

Strikk 11 omg. glattstrikk i den nye fargen.

4. Stripe:

Med samme farge, strikker du 1 omg. med aukeingar slik:

Auk 1 m kvar 4 m (4 rett, auk) ved å løfte opp tråden mellom 2 m og strikke den vridd r til du har (= 276 (**282**) 288 (**300**) 306 (**318**) 330 (**342**) m). **Juster aukeingane på slutten slik at du har akkurat rett maskeantall, så mønsterrapporten på 6 m går opp.**

Strikk diagrammet 1 gong samstundes som du skiftar farge.

Strikk 11 omg. glattstrikk i den nye fargen.

5. Stripe:

Med samme farge, strikker du 1 omg. med aukeingar slik:

Auk 1 m kvar 5 m (5 rett, auk) ved å løfte opp tråden mellom 2 m og strikke den vridd r til du har 330 (**336**) 348 (**360**) 372 (**384**) 396 (**408**) m).

Juster aukeingane på slutten slik at du har akkurat rett maskeantall, så mønsterrapporten på 6 m går opp.

Strikk diagrammet 1 gong samstundes som du skiftar farge.

Strikk 11 omg. glattstrikk i den nye fargen.

6. Stripe:

Med samme farge, strikker du 1 omg. med aukeingar slik:

Auk 1 m kvar 6 m (6 rett, auk) ved å løfte opp tråden mellom 2 m og strikke den vridd r til du har 384 (**390**) 402 (**420**) 432 (**450**) 462 (**474**) m).

Juster aukeingane på slutten slik at du har akkurat rett maskeantall, så mønsterrapporten på 6 m går opp.

Kun for størrelse 6, 7 og 8:

Strikk diagrammet 1 gong samstundes som du skiftar farge.

Strikk 11 omg. glattstrikk i den nye fargen.

7. Stripe:

Med samme farge, strikker du 1 omg. med aukeingar slik:

Auk 1 m kvar 7 m (7 rett, auk) ved å løfte opp tråden mellom 2 m og strikke den vridd r til du har (**516**) 528 (**540**) m).

Juster aukeingane på slutten slik at du har akkurat rett maskeantall, så mønsterrapporten på 6 m går opp.

For alle størrelser:

Strikk diagrammet 1 gong samstundes som du skiftar farge.

Strikk **5** ! omg. glattstrikk i den nye fargen.

Du har no strikka 6 (**6**) 6 (**6**) 6 (**7**) 7 (**7**) striper inkl ribben, og det er 384 (**390**) 402 (**420**) 432 (**516**) 528 (**540**) m på omg.